


«Dette er den beste opningsframсыninga til Festspillene på fleire år.»
Sjur Hage Bringeland om *Porgy & Bess*

alitet

e. Slik sett innfridde han.



Hilde einskildnummer, men talane var skjemde av greip. Foto: Thor Brødreskift

mentgruppene. Strykeorkestret Ensemble Allegria spela tre satsar frå Nils Henrik Aasheims (fødd 1960) *Etyder over tiden*. Ein strålende prestasjon, særleg den Stravinskij-aktige sistesatsen. Tora Augestad song så ein eggjande versjon av Georges Bizets (1838–1875) «Habanera» frå operaen *Carmen*.

Mindre vellukka var Fjell kulturskules innslag med afrikan-

ske trommer og songen *Human and fellow-Human*. Oceania Dance Theatre framførde «Stillehavets song», amerikansk søtsuppepop av veikaste sort, framført i bast-skjørt. Jan Eggum fekk god plass i programmet, han var den einaste songaren som hadde to separate innslag. Saman med Herborg Kråkevik song han «Det e mang slags kjærlighet / Kjære – mang slags kjærlighet / e godt for meg og deg», medan nølende ungdomar i kjærligens namn delte ut blommar til publikum. Så var det slutt, noko publikum fyrst skjøna etter tjue sekundars tynngjande tagnad, med ungdomane ståande rådvile framfor scena.

Etter opningsseremonien i år blir dei ståande, desse tre: mistrua til festspeldirektøren, det svinnande håpet for Festspillene i år og banaliteten ved festspelmottoet. Men størst av dei er banaliteten.


SJUR HAGA BRINGELAND

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagbring@gmail.com

Norsk tonefall

Dei sju norske komponistane på Caroline Eidsten Dahls soloalbum har sams aksent.



THORESEN, HOVLAND, SOMMERFELDT, PALMAR JOHANSEN, GAATHAUG, THOMMENSEN, MØRK KARSLEN:

Blockbird

CAROLINE EIDSTEN DAHL, BLOKKFLØYTER. LAWO 2014

Det blokkfløyta manglar av dynamiske moglegeheiter, tek ho att med artikulasjonsmangfaldet sitt. Ikkje det at blokkfløytisten Caroline Eidsten Dahl vantar dynamiske sjatteringar i spelet, men det er den finslipte artikulasjonen hennar som imponerer mest, nyansar som den klare lyd kvaliteten på CD-en får ekstra godt fram.

Komposisjonane til dei sju norske komponistane har alle noko distinkt norsk ved seg – dette kan verka opplagt, men i samtidsmusikken er ikkje slike nasjonale tonefall sjølvsagde. I Lasse Thoresens (fødd 1949) *Miranda's Flourish* frå 1985 er det melodikken som er norsk, med den typen snøgge toneomspelingar som ligg så godt for hardingfela, og «lydiske kvartar», ein dissonerende toneavstand som sær-



Caroline Eidsten Dahl frå Drammen spelar norsk samtidsmusikk for blokkfløyte. Foto: Hilde Kvivik Kavli

merkjer norsk folkemusikk. Dette underlege stykket er som eit einaste ornament, som Eidssten Dahl skreller av lag for lag.

I Øistein Sommerfeldts (1919–1994) *Somatine*, op. 47, er det den gamalmidige tonaliteten som er norsk, men som òg gjer det moderne. Stykket frå 1977 har meir «substans» enn Thoresens, med rytmisk driv og tydelege satsavsnitt i forma, dessutan er ornamentikken

meir barokk. Sommerfeldt greier å få alle registra i instrumentet til å syngja og maktar noko berre dei beste komponistane får til i solomusikken: Me høyrer liksom harmoniane under melodilina, som om det skulle vore fleire instrument med.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Hage Bringeland er musikk- og fast musikkmeldar i Dag og Tid

Heilhuga konvertitt

András Schiff er ikkje som konvertittar flest: Han tenderer aldri til ekstrema.



FRANZ SCHUBERT:
Klavermusikk
ANDRÁS SCHIFF,
HAMMARKLAVAR. ECM 2015

«Vedkjenningane til ein konvertitt» er tittelen på omslagsessayet til András Schiff's dobbelalbum med Franz Schuberts (1797–1828) klavermusikk. Konverteringa har vekt oppsikt i klassiskverda. For lenge avviste han originalinstrumentrørsla, altså framføringstradisjonen som føreset at historisk musikk bør tolkast på historiske instrument. No vedgår han at han tok feil – det moderne konsertflygelet er for sterkt, for robust i klangen og manglar (særleg i bassregistret) klarleiken og lettskapen som trengst til å spela

wienerklassikarar som Mozart, Beethoven og Schubert.

Schiff har skaffa seg eit hammarklaver av Franz Brodmann frå kring 1820. Han hevdar euforisk: «Dette instrumentet er perfekt for Schubert, eg kan spela fullt ut og slepp å halda attende!» Innspelninga er glitrande produsert, med Schiff's typiske kjærleik til fina detaljar og mykjeseiande fraseforming. Men held han seg verkeleg ikkje attende?

Jamfører me med Schubert-innspelningane til den store tyske hammarpianisten Andreas Staier, merkar me kor ulike dei to muskarane er. Spissformulert kan me seia at Staier er kolerikaren, medan Schiff er melankolikaren. Der Staier peisar på med kvasse dobbeltpunktteringar, spelar Schiff mildare og med atterhald. Dessutan musiserer Schiff

generelt i lågare tempi. Dei to utovarane utfyller altså kvarandre, noko som gjer plata til eit godt kjøp. Eg vonar Schiff's neste innspeling og blir med hammarklaver – tør me håpa på Mozart?

SJUR HAGA BRINGELAND



Den ungarske pianisten András Schiff spelar Franz Schuberts (1797–1828) klavermusikk – på hammarklaver. Foto: Birgitta Kowsky

se sjeffdirigent Andrew Litton kjenner seg heime i, og fryden formidla han til både orkestermusikarane, koret og solistane, som ytte strålende under opningskonsert på Festspillene i Grieghallen. No var vel ikkje dei fire afro-amerikanske songsolistane avhengige av stønad frå dirigentpulten for å prestera så godt som dei gjorde, for *Porgy & Bess* har dei under huden. Virtuositeten deira avgrensa seg ikkje til det vokale: Stundom gløynde me at dette var ei konsertant, altså ikkje-scenisk operaframføring, for på den smale stripa fremst på podiet gav dei oss eit intimt skodespel som fekk publikum til å bryta ut i spontan applaus undervegs.

Det har sin grunn å nemna etnisiteten til songarane: Gersh-

win insisterte på å bruka afro-amerikanske songarar i denne operaen, som utspelar seg i djupaste South Carolina, og det er framleis umogeleg å få løyve til å framføra verket om solistane har ein annan etnisk bakgrunn. Dirigent Littons avkorta versjon av operaen var effektfull. Han inneheldt sjølvsagt dei mest kjende songane, som «Summertime» og «I Got Plenty o'Nuttin». Høgedpunktet i dette som er den beste opningsframсыninga til Festspillene på fleire år, var då tenoren Howard Haskin (i rolla som Portin' life) song «It Ain't Necessarily So», medan han kraup opp på pulten til maestro Litton og gav han ein intimdans.

SJUR HAGA BRINGELAND

ammet:

hardingfelespelaren Nils Økland. Same stad syng franske Les Arts Florissants (sundag 31. mai) den uttrykkssterke vokalmusikken til Claudio Monteverdi. Ensemblet blir leidd av Paul Agnew, som er ein ypparleg engelsk tenor. Dei framfører Monteverdi's åttande madrigalbok frå 1638, med tilnamnet *Madrigalar om krig og*

kjærliek – dette er altså musikk der alt er tillate.

Operaen *Catone in Utica* (måndag 1. juni) av Leonardo Vinci går føre seg på eit kritisk tidspunkt i historia til den romerske republikken: i 40-åra for Kristus, etter at Julius Cæsar hadde gripe makta som romersk diktator. Stykket frå 1728 er skrivne for seks kastratar, roller som i Grieghallen blir gjorde av seks manlege kontratenorar, mellom dei argentinske Franco Fagioli og kroatiske Max Emanuel Cenčić, som bae er leiande innanfor sitt stemmefag i dag.

Hardingfelespelaren Nils Økland i Grieghallen i Bergen.